

Kyrkje klokka

Nr. 2 - 2015

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

79. årgang



TRUSOPPLÆRING

Vi er så heldige å ha tre dyktige damer som arbeider med trusopplæringa her i våre prestegjeld. Desse har tatt mange

bilete, og skreve frå arbeidet sitt, både med konfirmantane og dei som er yngre. Vi fekk dessverre ikkje plass til

alt stoffet frå dei, men har teke med ein god del. Les meir om dette på sidene 9, 10, 11, 14 og 15.

Festhelg for store og små

Midt i september får vi besøk av RockeRuben. Les meir om han og om kva som skal skje på side 15.

Møre-biskopen til Seljumannamessa

5. juli er dagen då flest muleg bør ta turen til Selja. Biskop i Møre, Ingeborg Midttømme skal forkynne ordet, og søskena Helgesen skal synge.

Sjå meir om programmet på side 7.



Biskop i Møre, Ingeborg Midttømme.

Kjendisbesøk i Stryn og Hornindal

Set av datoene 27. august, og ta turen til Honndalshallen. Der vil du få møte NRK-kjendisen Vidar Lønn Arnesen og musikaren Philip Kruse. Jon Ytrehorn, som var romkamerat med Arnesen i militærret, har intervjua han.



Vidar Lønn Arnesen i kjend positur.

Les meir på side 3.

Vigsling av utvidinga av Nordsida kyrkjegard

Prost Rolf Schanke-Eikum vigsla søndag utvidinga av Nordsida kyrkjegard, i samband med gudstenesta. Han understreka at dei tre skuffene med jord, som blir brukt ved ei gravferd, har følgjande symbolikk: Dei to første "av jord er du komen" og "til jord skal du bli", er ei stadfesting på at livet startar og tek slutt her på jord. Den siste skuffa "av jorda skal du atter stå opp", viser til den evige oppstoda, der dei truande skal stå opp, slik Jesus sjølv gjorde.

Tidlegare kyrkjeverje Svein F. Rønne hadde ei helsing, der han orienterte om bakgrunnen for utvidinga av kyrkjegarden.



Prost Rolf Schanke-Eikum og sokneprest Mari Saltkjel, i samtale med nokre av bygdefolket.

Det har lenge vore trong for plass til fleire graver, og no har ein fått utvida kyrkjegarden med plass til femten nye graver. På sikt er det trong for endå ei utviding, og dette blir det arbeidt med i kommunen. Denne siste utvidinga har kommunen sjølv tatt ansvaret for, sa Rønne.

Sokneprest Mari Saltkjel deltok også på gudstenesta, der det mellom anna var dåp.

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo



Dei frammøtte framfor det nye området.


Olden gamle kyrkje nyvaska til sommarsesongen

Mange har lagt merke til at gamlekirkja i Olden har blitt meir og meir grå i leten.

Siste veka i mai var det dugnad for å få vaska kyrkja utvendig. Ein god gjeng brukte to ettermiddagsökter, og som det går fram av bileta så er resultatet godt synleg!

Soknerådet takkar dugnadsgjengen for flott innsats!

Tekst/foto: KSM



Arbeidskarar i sving.

Kaffipause må til på dugnad.



Høgt og lågt vaska dei.

Den folkekjære NRK-mannen Vidar Lønn-Arnesen kjem til Hornindal og Stryn 26. og 27. august. Med seg har han musikaren Philip Kruse. Dei to starta samarbeidet i 1974 med radioprogrammet «Familietreff i Store studio». Vidar var frå 1991 programleiar i TV-serien "Da Capo" på NRK, eit familieprogram som fekk ein rekordstor skare av sjåarar i heile 12 år.

No er både Vidar og Philip pensjonistar, men er framleis etterspurde over store deler av landet. Her i Indre Nordfjord vil dei ha songstunder på omsorgsentra både i Stryn, Innvik og Hornindal. Til slutt eit større Da Capo-show i Honndals-hallen torsdag kveld 27. august.

Vidar Lønn-Arnesen har arbeidt fast i NRK sidan 1965. Han er mannen bak «Ti i skuddet» og mange andre barne-, ungdoms- og familieprogram i radio og fjernsyn. Her svarer han på nokre spørsmål:

Kva er drivkrafta bak ditt livslange liv og virke som songskapar?

Jeg har vært så heldig å få evnen til å få publikum til å synge sammen med meg, f. eks. i kjente og kjære slagere fra 50-, 60- og 70-tallet. Det er både morsomt og gir inspirasjon til stadig å finne frem repertoar som passer for eldre. Å synge sammen gir fellesskap og glede og skaper en indre rikdom.

Folk opplever deg som nær, varm og folkeleg med ein tydeleg etisk standard i det du syng og ber fram. Du frir ikkje til publikum med



Song- og gledes-spreiaren frå NRK

*Vidar Lønn Arnesen til Hornindal og Stryn
i august med "Da Capo"*

fjas og tomt svall eller "På kanten-vitsar".

Sangtekstene i kjente slagere er ofte enkle, men de beskriver gjerne jordnære tanker og følelser som folk flest har. Introduksjonene mine baserer seg på fakta og noen ganger små anekdoter omkring sangen. På scenen er jeg meg selv og trenger ikke ty til ytterligere publikumsfrierier!

Du og din medarbeidar Philip Kruse legg alltid inn besøk til alders- og sjukeheimar. Du har også valt å engasjere deg sterkt i Seniorsaken i Norge. Kvifor?

Dessverre er ikke eldremoren i Norge god nok alle steder. Mange av de eldste og svakeste som ikke lenger klarer seg i hverdagen uten hjelp er vi «vaktbikkjer» for. Vi i Seniorsaken passer på at kommuner og staten gir verdighet og stell slik som norsk lov krever. Alle som ser uverdighet i eldremoren må si i fra. Vi skylder vår eldre generasjon det beste. Det er de som har bygt landet vårt til å bli så godt et land.

Songar og salmar du er spesielt glad i?

Jeg er glad i alle sangene vi synger i Da Capo. Jeg er også glad for at den nye salmeboken har åpnet for nye sanger og salmer. F. eks. «Julekveldsvise» av Arnljot Høiland og Alf Prøysen, og ikke minst «Nordnorsk julesalme» av Trygve Hoff. Salmeboken har blitt spennende!

Vidar Lønn-Arnesen og medarbeidar Philip Kruse understrekar at dei gler seg til å kome til Hornindal og Innvik/Stryn. Vi seier vel møtt, og ser fram til flotte stunder med mange frammøte sist i august.

Samarbeid om songkveld i Nedstry

På 1. pinsedag var det annonseret songkveld i Nedstry kyrkje med gjestande artistar frå både Sverige og andre sida av fylkesgrensa. Den kjende svenske songaren Mikael Järlestrand var invitert av Pinsekyrkja til ein liten miniturne i Nordfjord og på Sunnmøre, og på songkvelden i Stryn hadde han med seg Venche V. Leite med band. Nedstry sokneråd og Filadelfia Stryn har samarbeidd om denne songvelden og stod som medarrangørar.

Mikael er ein svært kjend kristen songartist og har hatt mange oppdrag både i Sverige og Norge og andre land. Bl.a. har han vore mange gongar med i programserien «Minns du sången» som for nokre år sidan vart vist også på norsk TV. Han har utgitt mange CD-plater, og mange nyttar høvet og sikra seg nokre av innspelingane hans etter konserten. Venche er kanskje mindre kjend for publikummet i Stryn, men hennar prestasjon sto ikkje noko tilbake for den meir etablerte artisten. Ho imponerte mange med dei flotte tolkin-



Personane på bildet er frå v. Hans Robert Bondhus, Levi-André Leite, Venche V. Leite og Mikael Järlestrand.

gane av både kjende og meir ukjende songar.

Det vart ei flott konsertoppleving for dei frammøtte, men mange fleire burde fått oppleve dei dyktige artistane! Det var høg kvalitet både på songen og musikken, og dei to songarane veksla på framføringane og avslutta med to vakre duettar. Järlestrand hadde med seg «playback-musikk» til sine songar, medan Leite vart akkopagnert av ektemann og bassist Levi-André Leite og gitарisten Hans Robert Bondhus. Stemningsfull lyssetting og dempa lys i kyrkjerommet skapte ei fin råme rundt arrangementet.

Songutvalet var variert, med både vakre balladar, kjende bedehussongar,

country/gospel og nokre songar med ny tekst basert på moderne pop-låtar. Begge songarane imponerte stort både med si stemmeprakt og fine tolkingar og arrangement. Fint også at begge songarane knytte saman konserten med små personlege og humoristiske forteljingar som understreka poenga i songane.

Etter velfortent applaus vart det ekstranummer til slutt, og alle aktørane fekk blomster og gav med takk for innsatsen. Vi høyrer dei gjerne igjen ved eit seinare høve!

Tekst: Tore Bøe. Foto: Solbjørg Leite

Hellig nærvær

Første gang jeg kom ut på øya Selja, ble jeg grepert av et hellig nærvær; «Jeg står på hellig grunn», tenkte jeg. Jeg merket tydelig at her «er det noe».

Den hellige øy med klosterruiner fra middelalderen og Sunnivahola, vi har legenda om den kvinnelige helgen St. Sunniva som på slutten av 900-tallet drev over havet fra de britiske øyer til Selja.

Munkene som levde der og bad stadig til Gud over mange år gir fortsatt en velsignelse til stedet. Jeg ble grepert av ærefrykt for Skaperen.

Noen år senere, på pilegrims-vandring på øya, var jeg med på nattverdssamling i Sunnivahola. Kveldssola skinte akkurat helt inn til altersteinen. Det var et magisk øyeblikk! Jeg opplevde sterkt Guds-

nærværet i stillheten etterpå, og jeg ønsket bare å være i denne stillheten.

Til ettertanke: Hva er hellig for oss?

Slik øya Selje er som en hellig øy, kan f.eks vår bønnestund i hverdagen bli som en hellig øy for oss?

Brit Lundby Hilde



Kyrkjeklokka

Bladet blir sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: www.kyrkjeklokka.no

Redaktør for dette nummeret er:
Anna Marie S. Vatnamo,
post@kyrkjeklokka.no

Forretningsførar/abonnement/adresseendring:
John Selmer Skiftesvik,
6788 Olden, tlf. 99 02 80 76
john.skiftesvik@eninvest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenent er frivillig.
Vi takkar for betaling og støtte.

Kontortider, telefon, epost

Måndag er sokneprestane sin fridag.

INNVIK prestekontor

Tlf. 57 87 41 23
Mobil 911 84 241
Sokneprest Harald Runde
Kontortid:
Tysdag, torsdag og fredag kl. 10-12
Privat 57 87 41 15
runde.harald@gmail.com

STRYN prestekontor

Tlf. 57 87 48 12
Mobil 948 32 875
Sokneprest Knut Gjengedal
knut.gjengedal@stryn.kommune.no

HORNINDAL prestekontor

Tlf. 57 87 98 33
Mobil 908 83 948
Sokneprest Mari Saltkjel
sokneprest@hornindal.kommune.no

Kyrkjeverjer

Stryn kommune

Børre Lian (vikar)
Tlf. 57 87 48 11
Mobil 913 27 882
borre.lian@stryn.kommune.no

Hornindal kommune

Anne Lødemel Honningsvåg
Tlf. 57 87 98 34
Mobil 970 84 120
Måndag og torsdag 9-13
anne.honningsvag@hornindal.kommune.no

KABB har gratis lydbibliotekjeneste:

Til trosopplæring - menighetsliv - personlig trosliv

Blant KABBS (Kristent Arbeid

Blant Blinde og svaksynte)
mange gode tilbud, finnes
lydbibliotekjenesten. Lydbiblio-
tek ble opprettet allerede på
1960-tallet. Slik har KABB lest
inn store deler av den kristne
litteraturen i Norge, og det skal
vi fortsette med – i mange år
fremover. Og det beste av alt,
den er helt gratis.

Tekst og foto: Anna Berit Føyen, KABB

Kvalitet – aktualitet – bredde

I dag inneholder lydbiblioteket nærmere 2.000 titler i ulike sjangre: Barnebøker, ungdomsbøker, skjønnlitterære bøker, biografier, historiske romanner, misjonslitteratur, lyrikk, teologi, lydbøker for barn og unge og oppbyggelige bøker.

Hjem kan låne bøker?

Alle som av en eller annen grunn ikke kan lese en ordinær bok, kan låne bøker hos KABB.

- Send en e-post, ta en telefon eller skriv et brev til oss, så ordner vi resten. Men du trenger en Daisy-spiller eller noe lignende, slik at du kan lytte til bøkene, forteller bibliotekar Heidi Vestbye.

- Utlånstjenesten er gratis. Alle får lydbøkene sendt hjem med posten.

Daisy-spiller eller mp3-spiller

Alle KABBS lydbøker er produsert som en Daisy-lydbok. (Daisy er en internasjonal standard for produksjon av lydbøker.) For å få en god leseopplevelse



av lydbøkene, er det best å benytte en Daisy-spiller som avspiller. Det er mange som har krav på å få en slik spiller, fra hjelpemiddelsentralen.

Det går også an å laste ned software (til en Daisy-spiller) fra internettet. På den måten kan man lytte til bøkene via en datamaskin. Eller man kan benytte en mp3-spiller.

Det er også mulig å kjøpe en Daisy-spiller direkte fra en forhandler.

Kontakt oss gjerne – vi vil gjerne hjelpe deg

- Vi håper at du har lyst til å begynne å låne bøker hos KABB. Ta kontakt med oss, for vi vil gjerne hjelpe deg. Og husk: boklån i biblioteket vårt er helt gratis, sier Heidi Vestbye avslutningsvis.

**KABB, PB 333, 1802 Askim -
kabb@kabb.no - 69816981**





Av Mari Saltkjel

Tankar langs vegen ...



Sommaren kjem snart

Mai er månaden eg gler meg som mest til. Å, kor godt det skal bli når det blir grønt og fargerikt rundt oss. Sola skal lyse opp alt og vi skal kjenne oss litt meir levande.

Mai er månaden som går så fort at eg alltid lurer på kvar den tok vegen. Å, så sliten eg kan bli av alt det vi skal gjere i løpet av mai månad. I dag, ein kald og våt dag i begynnelsen av juni kjenner eg at eg er både glad og trøytt.

Sommarferien kjem snart. Uansett om vi jobber eller ikkje. Uavhengig av det som vi slit med i kvardagen vår. Sommarferien kjem snart. For nokre vil denne sommaren bli ei vidunderleg tid der familien er saman og livet er godt. For andre kan sommaren vere ei vanskeleg tid. Den därlege økonomien, sjukdomen, kranglinga der heime eller bekymringa over barnet – slike livsvilkår tar ikkje ferie. Og når ein ser oppdateringane på facebook er det lett å få inntrykk av at dei andre er glade menneske som meistrar dette livet dei lever.

Sommarferien kjem snart. Den gjev dei som går i barnehage, på skule, dei

i arbeid og organisasjonar ei pause frå ein aktiv og krevande kvardag. "Kom til meg, de som slit og har tungt å bera. Eg vil gje dykk kvile", seier Jesus. Han var veldig opptatt av at lære-



Kom til meg, de som slit og har tungt å bera. Eg vil gje dykk kvile, seier Jesus.

sveinane skulle ha det godt. At dei skulle få noko å ete og at dei skulle få tid til å kvile kroppen og tanken og soke Gud. Sjølv om sommaren her i Nordfjord kan bli både kald og våt, blir det fargerikt og vakker rundt oss. Vi får høve til å unne oss sjølve både rekreasjon og vekst. Det er ikkje alltid slik at ein kan ta fri frå kvardagen i mange veker. Kanskje har du rom for ein ettermiddag, ein dag eller ei helg der du får kvile og høve til å soke fred i kropp, sjel og ande?

Sommaren er det viktigaste vitnemålet om at Gud er den veksande krafta i kvar og ein av oss. Eg vonar du gjev

deg sjølv tid og rom for å kjenne på nettopp dette. Gud er den veksande krafta i deg.

Gud, vi takkar deg for sommaren. Lat din Ande oppmuntre oss som ein lun sommar vind.

Lat din Ande gje oss nytt mot og ny vilje til å møte kommande dagar, åpne og lydhøyre for viljen din.

Vi takkar deg for landet vårt, det landet som er vår heim på jorda, og for alt arbeid som har ført oss til den tid og plass vi er i dag.

Hjelp oss å sjå at vi alle er avhengige av kvarandre.

Hjelp oss å vekse og modnast. Hjelp kvar og ein av oss til å finne fred.

Hjelp kvar og ein av oss slik at vi kan oppleve eit godt fellesskap med menneska rundt oss.

Gjer hjertene våre like romslege som sommarenga, der alle vekster gjev glede med sine ulike fargar og prakt. Lær oss å sjå kvarandre som gaver og moglegheter i kvarandre sine liv.

Frigjer oss i den lovsangen vi får del av i sommarens grønske.

Di er æra i all æve.

Amen.

Autentisk konsert i Olden gamle kyrkje under Oldendagane, søndag 5. juli kl 12.

Under tittelen 'Syng meg ein salme, spel meg ein song' blir det framført salmar, folketonar og klassiske tonar på den faste kyrkjekonserten under Oldendagane. Kva høver vel betre i den ærverdige, gamle kyrkja enn nettopp melodiar og tekstar like gamle som – eller eldre enn - kyrkja sjølv? Framføringa vert gjort reint akustisk, som i gamle dagar. Sjølve klangen i kyrkjerommet ber tonane frå trøorgel, fele og song ut i kvar krå.

Dei tre erfarte musikarane er alle vestlendingar, to er frå Stryn. Sopranen



Anne Berit Skrivervik Sultani



Askjell Molvær

Anne Berit Skrivervik Sultani er frå Bruagrenda i Stryn sentrum. Ho bur til dagleg i Askim, der ho underviser og syng konsertar. Organisten Askjell Mol-

vær er busett i Langevåg. Han underviser og trakterer tangentar i ulike samanhengar, som i Ytre Suløen Jassensemble. Gunnhild Sindre frå Markane er med på fele.

Den faste kyrkjekonserten er alltid midt på dagen. Då står sola rett inn dei sørsvende glasa i Oldenkyrkja, og dei gamle benkane vaknar og sukkar av glede over å bli tekne i bruk. Tonar heng att under kvelvingen og det dirrar vemondig i det gamle treverket, ein søndag i juli.

Seljumannamessa 2015:

Tusenårsminnet for byrjinga av Olav Haraldssons kongsgjerning



I år er det 1000 år sidan Olav Haraldsson vart norsk konge. Kongsgjerninga til Olav tok til på Selja. Ved årets Seljumannamesse 5. juli vil dette tusenårsminnet bli markert. Predikant er Biskopen i Møre: Ingeborg Midttømme. Laurdag blir det konsern i Selje kyrkje med Søskena Helgesen med familie og vener, og dei blir også med i gudstenesta på Selja søndag.

Pilegrimsvandring på Selja laurdag 4. juli

Pilegrimsvandringa blir også i år forenkla til ei vandring på øya. Tidsramma er slik: Kl. 09.15: Båt frå Selje til Bø (austsida av øya), og retur kl. 15.20: Båt frå Bø til Selje (kl. 15.30). Ein kvar tek med seg niste og høveleg kle og turutstyr. Pilegrimsvandringa blir leia av seniorprest Sigurd Vengen. Pris: kr. 300 (båtreise og deltarhefte), som ein betalar til Seljumannamessa, konto nr. 3845.07.12768. Merk innbetalinga med: *Pilegrimsvandring 2015*. Først når deltaravgifta er betalt er påmeldinga gyldig. Påmelding til sigurd.vengen@gmail.com innan mandag 26.06.15. Dei som melder seg på vil få svar med stadfestning og informasjon pr e-post.

Konsert i Selje kyrkje laurdag 4. juli kl. 19.00

Søskena Helgesen med familie og vener held konsert i Selje kyrkje. Søskena Helgesen spelar bokstaveleg tala på fleire strengar, og har på mange ulike måtar vist si songglede og musicalitet. Når dei så slår seg saman, og toppar laget med familie og vener, blir det ei 'salig' blanding. Det er høve til kjøpe billett ved inngangen, men vil du vere sikker på å få plass er det førehandssal på *Coop Prix Selje*.

1000-årsmarkering på Bø søndag 5. juli kl. 10.05

På veg til gudstenesta i Selja kloster blir det ei markering av tusenårsmin-



Biskop Ingeborg Midttømme.

net for Olav Haraldsson si ilandstiging i 1015. Båten tek oss over frå Nabben i Selje til Bø på austsida av Selja. Her vil vi få møte kongen og hans følge i eit lite historiespel på den staden der han mest truleg steig i land – på kongsgarden Bø.

Det var neppe tilfeldig at Olav Haraldsson kom til Noregs første kristne heilagstad. Etter at Olav Tryggvason gjesta øya i 996, varr Selja etablert som kultstad, i første omgang med fokus på Seljemennene. Kongen ville tydeleg nok knyte band til den første og førebels einaste kristne heilagstaden i landet.

Historia fortel at då Olav Haraldsson steig i land på Selja, glei han og fall på kne med eine foten. "No datt eg", sa kongen. Rane i kongsfølgjet svara: "Du datt ikkje, herre, men no feste du fot i Noreg". Kongen lo og sa: "Det kan vera, om Gud vil, at det er så". Det vart i alle høve rekna som ei lukkeleg hending, ja,



Søskena Helgesen med familie og vener.

namnet på øya vart til og med omskrive til Sæla!

Fra Bø vil vi vandre i eit felles følgje, som ein prosesjon, til Selja kloster, og vil gå inn i kloster-anlegget den vegen alle kom i tidlegare tider, nemleg gjennom 'hovudporten' mot sørvest.

Gudstenesta i klosteret

søndag 5. juli kl. 11.15

I år gleder vi oss over å helse biskopen i Møre, Ingeborg Midttømme, velkommen som predikant. Ho har alt vore biskop i Møre i snart 7 år, og har vore på Selja før, men ikkje på Seljumannamessa. Riksantikvar Jørn Holme vil delta og ha ei helsing ved innleiinga av gudstenesta. Elles deltek prosten i Nordfjord, prestar frå Nordfjord og Vanylven, og alle kyrkjessamfunn i vårt område blir inviterte til økumenisk gudsteneste. Musikalsk leiar er organist Jon Inge Sigerland, Selje, og Søskena Helgesen med familie og vener deltek. Det blir takkoffer og nattverd.

Praktiske opplysninger:

Tider og prisar

Båt går frå Nabben i Selje til Bø, på innsida av Selja, og med retur etter gudstenesta. Båten går kl. 09.45 med retur kl. 14.15. Det er avgrensa høve til båttransport heilt ut til klosteret med Klosterbåten etter nærmere avtale.

Billettpriis: kr. 200 (barn under 12 år gratis). Familiepris: kr. 400 (inkl. barn 12 - 18 år).

Billett til konserten i Selje kyrkje kostar kr 300, og kan kjøpast ved inngangen. Fellesbillett (konsert + båt) gir kr 50,- i rabatt. Førehandssal: *Coop Prix Selje / selje@prix.coop.no*. Det blir selt billettar for båtreisa på Nabben før båtavgang.

Seljumannamessa er ei regional samling for Nordfjord og Søre-Sunnmøre, og er skipa til av Nordfjord prostiråd, sokneråda i Selje og Vanylven sokneråd.

**Velkommen til Selja
- der kyrkja i Noreg vart fødd -**
Seljumannamessekomiteen
www.seljumannamesse.no

Naustmessejubileum



For 20. gong i historia, arrangerte Nordsida og Randabygda naustmesse. Det skjer 2. pinsedag kvart einaste år, uansett ver.

Før vi kom kunne vi frykte regn. Det låg liksom i lufta. Men då naustmessa tok til kl. 12, var det som om Vår Herre jaga regnbygene opp i fjella og inn i dalstroka innaføre, og vi fekk solgløtt. Som så mange gonger før: Frukttrea hadde kledd seg i kvite klede. Det er noko velsigna ekte heilnorsk over naustmessa. Her sit ein bokstaveleg tala på grasrot i oppoverbakke, slik dei før gjorde på friluftsmøte, og mottar Guds ord frå prestemunn.

Harald Runde har delteke på naustmessa omrent alle åra frå starten. Men dette var første gongen han heldt talen. Han forkynne ordet og understreka kor viktig det er at Den Heilage Ande arbeider i oss. Vi kan få syndenød og kome til tru på Gud. Slik vert trua ei gavé til oss menneske. Og denne gåva frå Gud kan vi så bere ut i den store verda som Guds sendebod. Talsmannen vil opplyse oss og



Mannskvartetten song: F. v.: Oddvar Bergset, Asbjørn Eikenes, Magne Kristiansen og Ottar Ulvedal.



Jon Ytrehorn og Harald Runde leia gudstenesta.

utruste oss til gode tenrar. Harald Runde avslutta med å fortelje kor viktig det er med det kristne fellesskapet og at Gud har bruk for deg!

Jon Ytrehorn forretta på ein trygg og solid måtte medan Oddvar Bergset trakerte orgelkrakken. Mannskvartetten med Magne Kristiansen, Ottar Ulvedal, Oddvar Bergset og Asbjørn Eikenes deltok med song.

Det var om lag 65 personar til stades, som etter gudstenesta kunne mette

magen med varm og god betasuppe før ein gjekk i båtane eller tok beina fatt. Som deltakar bør ein takke sokneråda for godt gjennomført arrangement.

Vi sender også ei varm helsing til tidlegare sokneprest Øystein Frivold som saman med Randabygda og Nordsida starta tradisjonen med å skipe til denne flotte gudstenesta i Guds frie natur.

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo

Påskegudsteneste skjærtorsdag på Bøasætra

Det vart sterke reaksjonar då den årlege gudstenesta på Bøastætra vart avlyst for første gong på mange, mange år. I påska er det eit yrande folkeliv på Bøasætra, og for desse er tradisjonen med gudsteneste ute i det fri for god til å brytast.



Kyrkjelyden.

Maria Lødemel Bøe tok ansvar og organiserte ei slags gudsteneste på hytteutnet. Gudstenesta var tenkt for nærmaste familie, men ordet spreidde seg og kyrkjelyden romma til slutt vel 20 personar.

Gudstenesta opna med Andrine Lødemel Bøe sitt klokkespel beståande av ein kaffikjele og ei ause, før sjølverkläert prest, Maria, heldt fram med preike, bibelvers og påskesalmar. Gudstenesta engasjerte både store og små, og dei yngste i kyrkjelyden (fam. Njøten og fam. Bø) song ivrig med medan dei viste bevegelsar til mellom anna «På Golgata stod det eit kors». Gudstenesta



Prest Maria Lødemel Bøe og klokkar Andrine Lødemel Bøe.

vart avslutta med klokkespel etterfulgt av kyrkjekaffi.

Tekst og foto: Margun Lødemel

Konfirmantåret 2014-2015

No er konfirmantåret 2014-2015 over, og vi i staben håpar og trur ungdomane har hatt eit fint år. Vi har hatt stor glede av å følgje konfirmantane dette året, og må seie at det har vore ein flott gjeng å vere ilag med!

Eit konfirmantår inneheld mykje, både undervising, turar, aktivitetar, fasteaksjon m.m. Vi i staben lurte på korleis konfirmantane har opplevd året, og om det har hatt noko å seie for trua deira.

Då vi ønskte å få nokre tilbakemeldingar frå årets konfirmantkull, stilte vi dei følgjande spørsmål, og svara frå nokre av konfirmantane følgjer vidare:

- 1. Kva er det beste minnet du har frå konfirmanttida?**
- 2. Kva er det viktigaste du har lært i løpet av året?**
- 3. Korleis har konfirmantåret påverka trua di?**

- Det beste minnet eg har frå konfirmanttida er nok aktivitetsdagen vi hadde på Sandane. Eg blei kjent med mange folk og det var rett og slett veldig kjekt. Eg kjem selvfølgelig og til å huske alle skuespilla vi måtte lage til i Betania. Eg kjem og alltid til å huske på nattcup.
- Det viktigaste eg har lært er at Gud og Jesus alltid er her for oss. Eg føler og at eg har lært at viss man trur så kan man få til alt.
- Eg føler sjølv trua mi fortsatt er den same, berre at eg veit meir om den.

(Jente, Betaniagruppa)

- Det beste minnet mitt er sjølve konfirmasjonen og aktivitetsdagen på Sandane.
- Det viktigaste eg har lært i løpet av året er at Jesus døde for oss.
- Konfirmantåret har påverka trua mi ganske mykje. Før visste eg lite om kristendommen generelt, men no veit eg meir om han og skjønar meir av samanhengen.

(Jente, Betaniagruppa)



Frå nattcupen.



Sondre turner, som en del av Glorialeddet i samtalegudstjenesten i Olden.

- Beste minnet er da telefonen ringte mens vi øvde på skodespel.
- Det viktigaste eg har lært er å høre etter når Beate og Janet snakkar.
- Eg har knyttet sterke band til trua mi.

(Gut, Betaniagruppa)

- Det beste minnet mitt frå konfirmanttida, det må nok være nattcupen. Nattcupen var ein veldig kjekk opplevelse, til tross for at alle var stuptrøtte om morgenon. Vi gjekk rundt og gjorde mykje forskjellig, blant anna spelte fotball og turna! Det var heilt supert.
- Eg er eigentleg litt usikker på kva det viktigaste eg har lært er, men eg føler at eg har blitt flinkare til å "sette pris på Gud", og tenkje på at han faktisk "er der/her for oss".



Konfirmanter Hornindal.

- Konfirmantåret har ikkje påverka trua mi noko spesielt mykje, men det hender at eg tenkjer meir over religiøse ting, på en måte. I tillegg til det, så hender det også at eg faktisk ber.

(Jente, Solvanggruppa)

- Nattcup har vore det kjekkaste.
- Eg har lært at det ikkje er så kjedelig å gå i kyrkja.
- Eg trur meir på Gud og historia om Jesus.

(Jente, Hornindalsgruppa)



Konfirmantspeider.

- Det beste minnet må nok være nattcupen! Det var kjekt å vere samla med alle konfirmantane og eg blei kjent med mange nye folk.
- Eg har lært mykje viktig i løpet av året bla. mange sanger eg no kan være med å synge i kyrkja! Eg har også lært og kan nesten alle dei ti boda, også kan eg også truedkjeninga!
- Eg har lært mykje om Gud og Jesus. Eg føler meg også mykje meir trygg med at eg har alltid nokon eg kan prate med som vil høre på meg. Og eg kan be om ting som er vanskelig.

(Gut, Hornindalsgruppa)

Konfirmantane våre



Konfirmantar i Randabygda
Frå venstre: Kateket Beate Nes, Rasmus Hopland, Marie Alme.

Konfirmantar i Hornindal
Framme frå venstre: Susann Gausemel, Kamilla Seljeset, Sunniva Alfine Leivdal, Mariell Taraldset, Julie Haugen, Sonja Holmøy-Wang.
Bak frå venstre: Tommy Olai Haugen, Knut Muldsvor, Benjamin Engel Hatlelid, Elias Ekernesvåg Lødemel, Bendik Hofesth, Martinus Espe, sokneprest Mari Saltkjel, Magnar Lødemel, Geir Magne Muldsvor. Kristoffer Hovden Flåm.



Konfirmantar i Olden

Bak frå venstre: Thomas Solheim Beinnes, Olav Egset, Pål Christian Løken.
Framme frå venstre: Prest Harald Runde, Kristian Vangberg Gjøstein, Daniel Rustoen, Kari Alsaker, Jonas Henden Drageset, Kateket Beate Nes.
Foto: Ole Eltvik.

Konfirmantar i Nedstryn
1. rad fr. v.: Sandra Sepulveda Middli, Silje Fløtre Reed, Theresa Blaalid, Maria Grodås, Hege-Renate Glosvik Espeland, Dorthea Kirkeide Hjelmeland, Anna Rekdal Johannsdottir, Camilla Sanden, Sara Håheim Flo, Karina Flo Standal.
2. rad fr. v.: Kaja Sæbø, Eline Flo Hoem, Kristine Hunvik Holmøyvik, Vibeke Sylte Røyset, Synnøve Beate Sunde, Beate Nes, Janet Rudolph, Johanne Loen, Kristianne Bø Håheim, Trude Mork, Helene Paulsen.
3. rad fr. v.: Oliver Kirkeeide Næss, Eskil Andreas Nygaard Sætren, Vegard Lødøen Flo, Ingrid Nygård, Helene Skår, Amalie Følsvik, Ingri-Eline Vik, Arild Sunde Egge Wangen, Sander Egge Eimstad, Marius Reed Hopland.
4. rad fr. v.: Sander Øen Omberg, Sigmund Kjøsnes, Eirik Bunttemeyer, Eskil Solheim Kveen, Marcus Sunde Nore, Kenneth Myklebust, Patrick Ain Myklebust, Preben Nedreberg Holmøy.
5. rad fr. v.: Johan Teigum-Ytreeide, Marius Heggdal Olsen, Simon Hjelmeset Kirkeeide, Martin Aasen Vinsrygg, Sindre Beinnes Nygård, Simon Fredheim, Brage Ørjasæter Breidablik.
Fotograf: Arild Solberg.



Konfirmantar i Innvik/Utvik

Bak frå venstre: Johan Kristoffer Paulen Drageset, Synne Skrede, Magdalena Hilde, Sander Amble Haugen, Siri Bråstad Skåden.

Framme frå venstre: Prest Harald Runde, Tonje Kleppe Skåden, Mia Lillevik Kjellevold, Benjamin Verlo, Reany Mekke, Øystein Hatling Skåden, Kateket Beate Nes. (Kyrkjelydspedagog Ann Elin Aabrek Lie er dessverre ikkje med på bildet.)



Konfirmantar i Oppstryn

F.v: Marte Nytun Grønfur, Monja Lindvik, Silje Greidung, Ida Yesenia Nesje

B.v: Erlend Bjørhaug Aarnes, Stig-Jakob Flo, Kateket Beate Nes, Kyrkjelydspedagog Janet Rudolph, Jonas James Flo Muri, Erlend Erdal.

Foto: Egil Aabrek



Konfirmantar i Loen

Fra venstre: Prest Eivind Nilsen, Christian Svoren Strand, Torstein Johannesen, Fredrik Olsbø, Emil Flølø Herrevold, Marius Rauset, Sondre Myklebust Berger, Anna Katrina Nesdal, Kyrkjelydspedagog Ann Elin Aabrek Lie.



Konfirmantar i Nordsida

Fra venstre: Anne-Marie Roset, Marte Sølvberg Spilde, Malin Bergset, Mari Saltkjel.





Min salme

Først vil eg takke Lillian Heimlid for utfordringa. Det var ikkje så enkelt å velje ut ein salme. Salmar vert brukt i mange ulike situasjonar, både i sorg og glede. Gjennom 25 år med Tensing har eg fått vore med på mange flotte samlingar og gudstesester der ungdomar har gjeve meg magiske opplevingar med frisk salmesong. Eg har også opplevd salmesong i Sør-Afrika. Der syng dei salmar med dans og rytme, og ei innleining som vi nordbuarar har myke å lære av.

Etter å ha tenkt og bladd i salmeboka, stoppa eg ved ein salme av Svein Ellingsen. Ellingsen har gjeve oss mange fine salmar. I 1971 skreiv han dåpssalmen «Fylt av glede over livets under». Dåp er ei av dei finaste handlingane vi har i kyrkja vår. Foreldre kjem med barnet sitt, det kjæraste dei har, og vi kan syngje saman: «Fylt av beven foran ukjent fremtid legger vi vårt barn i dine hender. Det som skjer i dåpen, gir oss trygghet».

Eg håpar at tradisjonen med at foreldre let barna sine bli døypte vil halde fram. Det er mange som vel å ikkje la barna bli døypt, fordi barna skal få velje sjølve når dei blir store nok til det. Sjølvsagt må barna få velje sjølve kva dei vil tru på, men dåpen er ei gave. La barna få den gåva. «Større rikdom enn hva ord kan romme, har du gitt oss gjennom dåpens gave. Herre, la vår tro bli fylt av glede». Som kyrkje har vi ei stor utfordring. Vi må legge til rette for at alle barn kan få eit til-

*Fylt av glede over livets under,
med et nysfødt barn i våre hender,
kommer vi til deg som gav oss livet.*

*Fylt av beven foran ukjent fremtid
legger vi vårt barn i dine hender.
Det som skjer i dåpen, gir oss trygghet.*

*Fylt av undring er vi i din nærhet!
Du som bærer verdensrommets dybder,
venter på de små og tar imot oss.*

*Ved ditt verk, ved Kjærighetens vilje,
er vi født på ny til liv i Kristus,
til et åpent liv i tro og tillit.*

*Og ved tidens grense lever fortsatt
dine løftes-ord ved døpefonten,
dåpens lys forblir når livet slukner.*

*Større rikdom enn hva ord kan romme,
har du gitt oss gjennom dåpens gave.
Herre, la vår tro bli fylt av glede!*

bod om trusopplæring der dei får møte tru, håp og kjerleik.

Odd Magne Nygård

Eg utfordrar Oddvar Bergset til å skrive om «Min salme» neste gong.



Kjempedugnad i Utvik

Kvar einaste vår arrangerer sokneråda i Innvik og Utvik dugnad der kvinnene vaskar og pussar det meste inventaret. Mennene køyrer vekk stein frå gravplassen, medan andre planerer jordflekkar, eller gjer anna førefallande arbeid på kyrkjegarden.

Over lengre tid har Anders Verlo og Peder Torheim arbeidt ivrig med å sejte opp fleire skap i barneskistiet. Skapa har dei laga i snekkarverkstaden til Anders. Alt er laga heiltre og er så visst ikkje billeg IKEA-materiale. Det ligg i allfall mykje arbeid bak.

Desse karane har også laga hyller til dei nye salmebøkene, og tidlegare gjort mange andre snekkaroppgåver i kyrkja.

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo

*Anders Verlo (framme) og Peder Torheim set opp
nye skap i barneskistiet.*

På nytt har vi fått opplevt våren

Sola varma, og snøen smelta. Ein sa det slik: "Aldri er Norge vakrare enn om våren. Og aldri er vi lettare til sinns." Plantesafta steig frå røter og opp i greinene på trea. Det sprengde på, så dei svulmande knoppene brast. Det vart lauvsprett, og liene grønkast på nytt.

Våren er umåteleg rik. Vårblomstrar i alle fargar, og nye skot og spirar kjem kvar dag. Ja, våren kjem med nye mogelegheiter, og nye draumar vert vekte. Naturen er som ei ramme. Innhaldet dei siste månadene har vore veldig stort; påskehelg, Kristi Himmelfartsdag, 17. maifeiring, pinsehelg, og dei mange konfirmasjonane og arbeid på dei ulike arbeidsplassane. Eg har fått delteke i konfirmasjonar både i fjor og i år. Det er dagar eg vil minnast med glede. Dei fleste 14 -15 åringane har hatt eit spesielt år som vert avslutta med konfirmasjon i kyrkja og festsamling etterpå. Slekt, fadrar og vene gler seg saman med konfirmanten.

Eg ønskjer å gje konfirmantane nokre gode ord med på ferda vidare.

Kjære konfiant!

Du er heldig som er kome så langt i livet. Du er lik ein blomsterknopp som vil falda seg ut og vise sin venleik og styrke.

Du får meir ansvar

I barneåra har du vore så heldig at foreldra har teke ansvar for deg. Dei gav deg omsorg og kjærleik. Etter kvart lyt du ta ansvar for deg sjølv. Du møter mange val. Ta vare på dei gode råda du får! Gløym ikkje at foreldra står deg framleis nær!

Ta vare på kroppen din!

Bruk kroppen din til idrett, turar og arbeid! "Gå deg glad," las eg her ein dag. Lev sunt! Du har lært at tobakk, alkohol og narkotika sløvar og øydelegg kroppen. Ha mot til å seie: Nei takk!

Ver ein god kamerat!

Ein god kamerat er du når du er ven med andre og tek deg av dei, ein som dei kan lite på, ein som dei kan dele gleder og sorger med.

Vel det gode livet!

Takksemd opnar vegen inntil

det gode livet. Vel bort misnøye, klagning, bitterheit, slutt å skulde på andre, og i staden vel Guds godeleik. "Å halde seg frå vondskap, det er vit," står det skrive i Bibelen.

Det største eit menneske kan oppleve er fred med Gud og fellesskap med Jesus. Der kan du få tilgjeving for alt det vonde du gjer. Han har omsorg for deg.

Lat konfirmasjonen vere eit steg vidare i livet. Ver ved godt mot! Hugs det er godt å takke!

Du kan ta til slik:

*Takk for livet, for ein ny dag,
for helse og dagleg brød,
takk for nattesøvn og tryggleik,
takk for vene og familie.*

Dei beste ønske frå Oddny

NMS Gjenbruk på Nordfjordeid

NMS Gjenbruk Nordfjord hadde årsmøte på Sandane 26. april 2015.

Desse er innvalde i styret:

Leiar: Karin Nordvik, nestleiar: Kåre Oksholen, sekretær: Jorunn Sollid, styremedlem: Aase Brekke, økonomiansvarleg: Edith Hagen Lade.

1. vara: Kjersti Ness, 2. vara: Solveig Aaberg, 3. vara: Marie Eldevik.

Omsetninga i åpningsåret over 6-7 mnd. er kr 399.602. Årsmøtet takkar alle 60 frivillige og alle som gav varer, for bidraget for å nå så langt. Handlingsplan for 2015 er kr 800.000.

Velkommen med varer og velkommen til handel for miljø, møteplass og misjon.

Karin Nordvik



Henny Koppen blir ordinert til prest



Tidleg i juni månad vert Henny Koppen ordinært som prest i Den norske Kyrkja av Biskopen i Bjørgvin. Dette skjer i ei gudsteneste i Bergensområdet.

I tillegg er ho tilsett som prostiprest i Nordfjord frå 1. august. Dette vert markert i Indre Nordfjord med ei velkomstgudsteneste.

21. juni vert det musikalsk midtsommarnattsmesse kl 2300 i Nordsida kyrkje, der m.a. Frostskoddekoret med Henny deltek.

Knøtte-gudsteneste

Tre generasjoner var samla til Knøtte-gudsteneste i Nedstryne kyrkje 24. mars i år. Babyar, foreldre og besteforeldre kom til kyrkja og delte song- og livsglede; med musikk, fargar, sansar og rytme.

Babyane pludra på golvet, gledde seg over songen og utforska livet mellom kyrkjebenkane. Foreldre, besteforeldre og barn tok del i ei kvardagsgudsteneste med song og leik, og saman utforska vi forteljinga om skapinga i Bibelen. Tenk så fint at kvar og ein av oss er skapt av Gud, unike og ulike!

Gleda over songen og over å vere i lag, var stor. Før gudstenesta kosa vi oss med mat og prat i kyrkja, kjekt å



Knøttegudsteneste.

dele fellesskap på tvers av alder og generasjoner!

Knøttegudsteneste er for alle i Indre

Nordfjord som er heime med born på dagtid. Neste Knøttegudsteneste er 24. september i Nedstryne kyrkje.

Etter sommarferien skal mange spente seksåringar begynne på skulen, og vi i kyrkja vil feire alle desse flotte seksåringane med ei heilt spesiell gudsteneste før skulestart!

Vi oppmodar alle skulestartarar om å ta med skulesekken på gudstenesta, så lovar vi at dei skal få noko spennande

å putte opp i! Foreldre, søskjen, bestefor-

ldre og andre er også varmt velkomne til å vere med, og saman skal vi lage fest for årets heilt førsteklasses seksåringar!

Førsteklasses-gudstenesta er lagt til ein kvardag veka før skulestart. I kyrkja skal vi syngje ilag, høyre ei forteljing frå Bibelen, få noko spennande å putte opp i ranselen og kanskje må vi sjå om ikkje Jesus også er med i sekken? Mange, både store og små, kan nok kjenne på ei kjensle av å «gruglede» seg til skulestart.

Ein både gledar seg og gruar seg på same tid. På gudstenesta vil vi snakke om korleis ein kan vere ein god venn, og korleis vi kan få nye venner! Invitasjon kjem i posten til alle skulestartarar.

Seinare i haust inviterer vi seksåringane til Førsteklassesklubb! Klubben har to samlingar, ei i haust og ei på vinteren 2016. På Førsteklasses-klubb skal vi høyre om noko spennande som skjedde då Jesus traff blinde Bartimeus. Vi skal også syngje både gamle og nye songar, bake bollar, utforske kyrkja, måle med fargar, leike og gjere mykje anna kjekt ilag. Sidan 1. klasse har fri onsdagane, har vi valt å bruke onsdag formiddag til desse samlingane. Om du er bestemor eller bestefar og likevel skal vere barnevakt desse dagane; bli med på Førsteklasses-klubb!

Vi håpar å sjå mange heilt førsteklasses seksåringar med familie både på gudsteneste og klubbi!

5-års klubb i Betania



5-årsklubb i Betania.

«Lat varmen frå ein som er glad i deg, tenne stjerner i mørkaste natt. Gje meg handa di, ven, når det kveldar, det blir mørkt og me treng ei hand». Hjartene som blei laga på 5-års klubb i Betania var slike stjerner som tende lys og spreidde glede til dei som fekk dei.

Barna pynta fargerike papp hjarte med masse glitter, små paljettar og flotte fargar, og resultatet blei utruleg fint! Etter klubben fekk barna med seg hjartene heim, og oppdraget var å gje dei til nokon dei var glad i. Kanskje var du ein heldig mamma, pappa eller besteforelder som fekk eit slikt hjarte?

På klubben fekk vi møte Sakkeus, ein mann som ikkje hadde nokon venner... inntil han møtte Jesus. Jesus ville vere venn med Sakkeus, og han vil vere venn med oss! Og vi kan vere gode venner med kvarandre. Det er godt å ha ein venn, det er fint å ha nokon å vere glad i. Neste år er vi klare for ny 5-årsklubb, og håpar vi ser mange barn og foreldre til samlinga vår då!

Festhelg for store og små!

Laurdag 12. og søndag 13. september inviterer vi til kjempefest i Indre Nordfjord. Målet med helga er ei kjempefeiring av alle born og unge som på ulikt vis er ein del av kyrja sitt arbeid, også kalla trusopplæringa. Det vert familiefest, ungdomssamling og festgudsteneste.

På familiefesten får vi besøk av RockeRuben. Han er tidenes energibombe! RockeRuben driv med alt som er Bråkete, Farleg og Gøy... Med fengande musikk, kule triks, trommesoloar, farlege stunts og ein generell leiiken innstilling til livet står RockeRuben klar til å ta deg med STORM!

Men det er ikkje berre RockeRuben som får vere med på fest, vi vil ha med deg som har vore på LysVaken eller tårnagent, du som syng i kor, går på speidaren, har vore på 5årsklubben, er ein del av heilt førsteklasseskjengen, eller som går på babysong. Ja, kort sagt alle som er mellom 0-18 år eller som er foreldre, fadrar og besteforeldre til ein som er det. I tillegg til kjekt program vert det lodd og mykje god mat.

Etter familefesten vert det ein eigen fest for ungdomane. Det vert meir mat, og besøk av Ruben Gazki som kallar seg svindlar med stil. Ruben Gazki er landets einaste verkelege svindlar med

Trusopplæring kva er det, og kvifor skal vi drive med det?

27. mai 2003 vedtok Stortinget trusopplæringsreforma for Den Norske kyrkje. Dette som eit resultat av endringar i skulens undervisning. Trusopplæring er ein danningsprosess der oppdragelse, undervisning, tradisjonsformidling og kristen praksis spelar saman. Dei siste åra har vi brukt mykje tid her lokalt på å revdere den lokale planen, i tråd med den godkjente planen frå Stortinget. No er planen ferdig, og vi ventar berre på godkjenning frå biskop. I mange år har det vore lys vaken, tårnagent, utdeling av 4 og 6 årsbok og mange andre kjekke tiltak for born og ungdom. I 2015 – 2020 vil det bli starta opp fleire nye tiltak, for å fylle krava i planen vedteken av Stortinget. Planen frå Stortinget seier at alle born frå 0-18 år kvart år skal bli invitert til trusopplæringssamling og at tilbodet skal være på omkring 315 timer i løpet av desse åra.

Saman om skatten Festhelg i Indre Nordfjord

12.-13. september

★Familiefest i kulturhuset

RockeRuben- Ein SprettBall av en fyr, som driver med alt som er Bråkete, Farleg og GØY!

★Ungdomssamling

Svindlar med stil- Ruben Gazki er Norges einaste verkelege Svindlar med Stil... Han lurer deg, men du lærer mykje av det!

★Festgudsteneste i Olden kyrkje



Saman om skatten
Feiring av
Trusopplæringa i Indre Nordfjord

DEN NORSKE KIRKJA



stil... Og ein svært allsidig entertainer! Med sine show, som inneholder ein variert mix av tankekontroll, lommetyveri, street-cons, bar-bets, gambling, humor, historier og masse spennande innsikt om korleis hjernen vår fungerer, har han trollbunde publikum over heile verda.

Det er klart at det kan verke spesielt å påstå at det å vere svindlar er ein gudegitt misjon, men Ruben meiner altså det! Det er forbausande mange positive ting ein kan lære av ein klassisk svindlar. Ruben ynskjer å vise korleis hjernen virkar, så ein også kan lære å ta meir kontroll over eigen situasjon.

Søndag vert det stor festgudsteneste i Olden kyrkje. Dit er alle velkommen!

Alle frivillige leiarar i barne og ungdomsarbeidet er spesielt velkomne.



Dette trur vi vert kjekt!! Seier Ann Elin, Beate og Janet. Som saman med prestane og alle frivillige er dei som driv trusopplæring i Indre Nordfjord.

Trusopplæringsplan hausten 2015

Kva skjer	Dato og stad
Heilt førsteklasses-gudsteneste	12.08 Nedstryn,
Presentasjonsgudstenester	13.08 Hornindal og Olden
Førsteklassesklubb	Sjå gudstenesteplan
Festhelg for store og små	02.09 Nordsida
Temakveld for småbarnsforeldre	09.09 Innvik og Hornindal
Knøttegudsteneste	12.-13.09
Sjørværfest for alle 4 åringar	16.09 Betania
Haustakkefest med utdeling av 4årsbok	24.09 Nedstryn
	05.10 Randabygd
	06.10 Utvik
	11.10 Ljosheim, Loen og Oppstryn
	18.10 Utvik, Randabygd, Nordsida og Nedstryn
	25.10 Hornindal
Konfirmant og foreldremøte	21.10 Stryn
Småbarnsong	17.11 Innvik
Nattcup for konfirmantar	20.11 Måloy
Lys Vaken	22.11 Olden
	29.11 Nedstryn og Nordsida

Babysong

Torsdagar
kl 10.30
i Betania



Følg kyrkjene i Indre Nordfjord på
facebook.com/strynkyrkja

Kyrkjevalet 2015

Måndag 14. september er det valdag. Vi oppfordrar flest muleg til å bruke stemmeretten sin. Det gjeld ikkje berre kommune- og fylkestingsvalet, men også val av sokneråd og bispedømmeråd. Og har du ikkje høve til å stemme den aktuelle dagen, blir det muleg å førehandsstemme også ved kyrkjevalet, slik det blir ved det kommune- og fylkestingsvalet.

Soknerådsvalet

Det er kvar einskild medlem som skal få lov til å vere med å bestemme kven som skal sitje i sokneråda rundt omkring.

Vi har valt å ikkje ta inn listene over kandidatar i dette bladet. Dei vil uansett bli kunngjort andre stader.

Kva er soknerådet?

Eit sokneråd er i Den norske kyrkja eit råd samansett av soknepresten og 4, 6, 8 eller 10 medlemmer valde for 4 år av og blant dei som har røysterett i soknet.

Kva gjer soknerådet?

Soknerådet har ansvar for å leggje til rette for kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni i soknet. Soknerådet uttaler seg ved tilsetjing i kyrkjelege stillingar. Sokna i ein kommune vel representantar til kyrkjeleg fellesråd.

Val til Bispedømmerådet

Kva gjer bispedømmerådet?

Bispedømmerådet skal ha si merksemد på alt som kan vekke og nære det kristelege liv i kyrkjelydane. Som regionalt sammordningsorgan skal rådet fremme samarbeid mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømmet, men det kan ikkje instruere soknemøte, sokne-

råd eller kyrkjeleg fellesråd. Bispedømmerådet tilset sokneprestar, fordeler statlege tilskot til stillingar innan undervisning og diakoni, og utviklar planer for kyrkja si verksemd innanfor bispedømmet m.m. Departementet har delegert mange og viktige forvaltningsoppgåver til bispedømmeråda.

Direkte og indirekte val

Fire av dei leke medlemene blir valde direkte av alle kyrkjemedlemer i Bjørgvin som fyller 15 år seinast i 2015. Dette valet går føre seg 14. september, same dag som soknerådsvalet, kommune- og fylkestingsvalet. Dei tre resterande leke kandidatane skal veljast av soknerådsmedlemene i november.

Leke representantar – nominasjonskomitéen si liste med 17 namn i prioritert rekkefølge:

1. Nordeide, Inger Helene Thingvold - Førde sokn, f. 1961
2. Baartvedt, Nora - Voss, f. 1994
3. Kirkebø, Karl Johan - Bønes, f. 1950
4. Skeidsvoll, Andreas - Osterøy, f. 1992
5. Dale, Berit Nøst - Meland, f. 1952
6. Økland, Marius - Bremnes, f. 1986
7. Ågotnes, Liv - Fjell, f. 1967
8. Lindøe, Ida - Ålvik, f. 1967
9. Øiestad, Vemund - Stryn, f. 1948
10. Hilleren, Per - Stedje, f. 1959
11. Økland, Inge Wilhelm - Sandviken, f. 1988
12. Kalvenes, Hildegunn - Austevoll, f. 1947
13. Sølsnæs, Bjørn Sandvik - Leikanger, f. 1995
14. Mæland, Kjellfrid Torunn - Stord f. 1951
15. Helgesen, Gunn Ragnhild Vårdal, - Selje f.1956
16. Aadland, Kjell Jarle - Os, f. 1949
17. Bildøy, Jostein - Førde i Sunnfjord, f. 1966

Evt. supplerande kandidatar vil kome i tillegg til desse 17 kandidatane. Alle framlegg som oppfyller dei formelle krava, vil få plass på lista.

Sommarkonsert i Olden kyrkje

Laurdag 18. juli kl. 19.00 held Ingvid Gomnæs Loen (sopran), Eilert Taubøl Hasseldal (baryton) og Andreas Løken (Laukji) Taklo (piano) konsert i Olden kyrkje. Etter ein tilsvarande konsert i Loen kyrkje sist sommar, fekk dei strålande kritikkar både frå tilhøyrarane og i avisene Fjordingen, som avslutta med «.... tre talent vi utan tvil vil høyre meir til, og som er hjarteleg velkomne tilbake. Gjerne i eit endå

større lokale og med endå meir folk i salen. Det fortener dei».

Trioen startar konserten med Olden-songen (tekst Olav Skarstein, tone Sparre Olsen), og serverar deretter saman og kvar for seg perler av m.a. Grieg, Mendelssohn, Haydn, Geirr Tveit, Schumann, Agathe Backer Grøndahl og Kjetil Bjørnstad.

Alle aktørane har studert fire år ved Barratt Due Musikkinstitutt, og dei to

vokalistane skal til hausten starte nytt skuleår på Operaskulen. Alle gled seg til konserten i Olden, der Ingvid har mormor (Besta), og Andreas har tippoldefar frå Oldalar og alle andre har også noko å glede seg til.

Velkommen til gratis inngang - Kollekt ved utgangen.

Tekst: Brynjulf Loen, medarrangør



Slekt skal følge slekters gang



Oppstryn

Døpte:

- 5/4 Laura Elise Sanden.
For. Ingeborg Elin Åsebø
og Asbjørn Sanden
5/4 Nora Marie Lindvik.
For. Alice Margrethe Norlie
og Jarle Lindvik
24/5 Mathea Lindvik.
For. Helene Lindvik
og Emil Skrede

Vigde:

- 1/5 Anita Oppheim Erdal
og Øyvind Aahjem

Døde:

- 26/2 Ingolv Mork f. 1924
21/3 Liv Asta Brekke f. 1948
22/3 Arnold Opheim f. 1947
3/4 Kristine Guddal f. 1935

Nedstryn

Døpte:

- 1/3 Egil Dvergsdal Kirkeeide.
For. Lene Storevik Dvergsdal
og Lars Arne Kirkeeide
29/3 Anna Skåre Kristiansen.
For. Lene Kristin Skåre Vilhelmsen
og Jens Kristiansen
12/4 Anna Rosenblad Ljåstad.
For. Helene Rosenblad
og Knut Arild Ljåstad

Døde:

- 19/3 Turid Ulvedal Nes f. 1954
20/3 Olav Aarheim f. 1924
11/4 Hallvard Sverre Egge f. 1953
14/4 Marie Agnethe Hellenes f. 1939

Loen

Døpte:

- 8/3 Andrea Sæten Drage.
For. Cecilie Sæten
og Runar Drage
5/4 Elise Kalvatn Edinsen.
For. Kari og Helge Kalvatn
Edinsen
5/4 Gunnar Gedeminas Solheim.
For. Jolanta Rasmussen
og Vegard Solheim
3/5 Aragon Aga Hove.
For. Karian Aga Nygård
og Haldor André Lungård Hove

Døde:

- 23/2 Aud Signe Sæten f. 1940
17/3 Kirstin Magni Tjuen f. 1954

Nordsida

Døpte:

- 8/3 Maria Ulvedal.
For. Bente Østreim Ulvedal
og Geirmund Lønne Ulvedal

Døde:

- 22/2 Magnhild Ulvedal f. 1920
11/4 Asbjørn Sverre Nygård f. 1940

Hornindal

Døpte:

- 8/3 Jenny Bortheim Navekaker.
For. Marie Bortheim
og Runar Ove Navekaker
17/5 Samuel Lukas Prøven Lien.
For. Susanne Johanne Prøven
Tangen og Ola André Lien

Vigde:

- 17/4 Svanhild Gangsø Viddal
og Helge Bernt Viddal

Døde:

- 14/2 Knut B. Grodås f. 1925
5/4 Odd Magnus Øen f. 1918
6/4 Per Kongsvik f. 1921
17/4 Ola Bjarne Fagerheim f. 1946
28/4 Arnlaug Kjørstad f. 1925
7/5 Anny Ingebjørg Hatlelid f. 1919
7/5 Milda Melsåsen f. 1928

Utvik

Døpte:

- 8/3 Odin Frantzen Brandal.
For.: Vebjørn Brandal
og Kristine Frantzen.
3/5 Hanne Lovise Gjerde Myrord.
For.: Frode Myrord
og Janne Helen Gjerde.

Døde:

- 12/2 Bergljot Verlo, f. 1921.
16/4 Ingolf Myklebust, f. 1924.

Innvik

Døpte:

- 2/4 Mikael Gangeskar Tvendeseter.
For.: Sebastian Luis Gangeskar
og Ingelin Tvendeseter

- 6/4 Sander Sandvik Bøe.
For.: Oddgeir Lyslo Bøe
og Trude Helen Sandvik.
14/5 Ådne Lyslo Søndenå.
For.: Andreas Søndenå
og Kristin Lyslo Søndenå.

Døde:

- 31/1 Asbjørn Hilde, f.: 1937.
02/2 Eili Heggedal, f.: 1926.

Olden

Døpte:

- 15/3 Noah Ayakha Kvamme.
For.: Jan Frode Kvamme
og Lone Frøholm Kvamme.
5/4 Savannah Eide Djupvik.
For.: Per Magne Djupvik
og Audhild Eide.
19/4 Alexandra Salai.
For.: Peter Salai og Ida Kristin
Stansaker.
19/4 Kristina Rebecca Solvang.
For.: Peter Magnus Solvang
og Monica Antonio Tamele.
19/4 Lilli Renå Pedersen.
For.: Christoffer Reberg Renå
og Maria Djonne Pedersen.

Døde:

- 9/1 Jon Andreas Skarstein, f. 1926.
2/2 Reidar Aabrek, f. 1924.
26/2 John Arild Gytri, f. 1967.
14/4 Randi Marit Gytri Beinnes, f. 1953.
24/5 Aud Høgalmen, f. 1936



Kyrkjeklokka i ny papirkvalitet

Som lesarane sikkert alt har lagt merke til, er denne utgåva av Kyrkjeklokka trykt på ein annan type papir enn tidlegare. Styret har bestemt at vi frå no av skal gå over til høgare kvalitet på papiret. Då vil også bilet-kvaliteten bli betre. Det har til tider vore vanskeleg å få gode bilete når vi brukte avispapir.

Frå no av blir også heile bladet i fargar. Vi trur dette vil bli eit løft, og håpar at lesarane blir fornøgde med det nye produktet.



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer
er ikkje med, so følg med i avisene.

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i nabokyrkja.

21. juni; 4. s i treeiningstida –

Matt 16, 24-27

- Nedstry 11:00 Gudsteneste.
Ved Sigurd Vengen
- Hornindal 11:00 Gudsteneste.
Ved Mari Saltkjel
- Oppstry 20:00 Gudsteneste.
Ved Sigurd Vengen
- Hornindal. Konsert med Volda vokal
- Nordsida 23:00 Gudsteneste.
Ved Mari Saltkjel

28. juni; 5. s i treeiningstida –

Matt 7, 21-29

- Loen 11:00 Gudsteneste.
Ved sommarvikar Mario Liavåg
- Olden 11:00 Gudsteneste.
Ved Harald Runde
- Heggdalstøylen, Innvik 16:00
Støylsmesse.
Ved sommarvikar Mario Liavåg

5. juli; Aposteldagen – Matt 16, 13-20

- Selja, Selje Seljumannamesse

12. juli; 7. s i treeiningstida –

Luk 19, 1-10

- Nedstry 11:00 Gudsteneste.
Ved sommarvikar Mario Liavåg
- Utvik 11:00 Gudsteneste.
Ved Harald Runde

19. juli; 8. s i treeiningstida –

Mark 12, 37b-44

- Olden 11:00 Gudsteneste.
Ved Harald Runde
- Hornindal 11:00 Gudsteneste.
Ved sommarvikar Mario Liavåg
- Randabygd 16:00 Gudsteneste.
Ved sommarvikar Mario Liavåg

Laurdag 25. juli kl. 12:

Gudsteneste i Randabygd kyrkje v/ Jon Ytrehorn. Dåp. Musikk: Olga Pavlova, Dagfinn Lågeide og Jon Tvinnereim.

26. juli; 9. s i treeiningstida –

Joh 8, 2-11

- Nedstry 11:00 Gudsteneste.
Ved Knut Gjengedal

- Innvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

- Nordsida 15:00 Gudsteneste.
Ved Harald Runde
- Loen 18:00 Gudsteneste.
Ved Knut Gjengedal

29. juli; Olsok – Luk 9, 23-26

- Olden gamle kyrkje 19:00 Olsokguds-teneste. Ved sommarvikar Mario Liavåg
- Oppstry 20:00 Gudsteneste.
Ved Knut Gjengedal

2. august; 10. s i treeiningstida –

Matt 18, 21-35

- Nedstry 11:00 Gudsteneste.
Ved Knut Gjengedal
- Randabygd 11:00 Gudsteneste.
Ved Henny Koppen
- Utvik 14:00 Kafégudsteneste.
Ved Knut Gjengedal

9. august; 11. s i treeiningstida –

Mark 2, 23-28

- Flofjellet 12:00 Friluftsgudsteneste
- Svormuseet, Hornindal 12:30 Friluftsgudsteneste i høve Kulturdagane
- Innvik 16:00 Gudsteneste.
Ved Knut Gjengedal

12. august; onsdag

- Nedstry 14:00 Heilt fyrsteklasses guds-teneste. Gudsteneste for 1. klassingane

13. august; torsdag

- Hornindal 10:00 Heilt fyrsteklasses guds-teneste. Gudsteneste for 1. klassingane
- Olden 12:00 Heilt fyrsteklasses guds-teneste. Gudsteneste for 1. klassingane

16. august; 12. s i treeiningstida –

Luk 8, 1-3

- Loen 11:00 Gudsteneste.
Ved Knut Gjengedal
- Nordsida 11:00 Gudsteneste.
Ved Mari Saltkjel
- Olden 16:00 Gudsteneste.
Ved Knut Gjengedal

23. august; 13. s i treeiningstida –

Luk 12, 41-48

- Oppstry 11:00 Gudsteneste.
Ved Knut Gjengedal. Presentasjon
av konfirmantane
- Hornindal 11:00 Gudsteneste.
Ved Henny Koppen
- Utvik 16:00 Gudsteneste.
Ved Henny Koppen
- Nedstry 19:00 Gudsteneste.
Ved Knut Gjengedal

30. august; 14. s i treeiningstida –

Luk 17, 7-10

- Randabygd 11:00 Gudsteneste.
Kyrkjehelg for funksjonshemma.
- Ved Erling Tronvik og Jon Ytrehorn
- Ljosheim 19:00 Gudsteneste.
Ved Harald Runde. Kveldsmat
på Yrineset etter gudstenesta

6. september; 15. s i treeiningstida –

Luk 10, 38-42

- Nedstry 11:00 Gudsteneste.
Ved Beate Nes. Presentasjon av
konfirmantane
- Olden 11:00 Gudsteneste.
Ved Harald Runde. Presentasjon av
konfirmantane og konfirmantjubileum.
- Innvik 16:00 Gudsteneste.
Ved Harald Runde. Presentasjon av
konfirmantane

13. september; 16. s i treeiningstida –

Matt 5, 10-12

- Oppstry 11:00 Gudsteneste.
Ved Knut Gjengedal. Konfirmantjubileum
- Olden 11:00 Trusopplæringsgudsteneste
- Nesodden, Loen 16:00 Friluftsgudsteneste.
Ved Knut Gjengedal

20. september; 17. s i treeiningstida –

Luk 7, 11-17

- Nedstry 11:00 Gudsteneste.
Ved Knut Gjengedal
- Innnvik 11:00 Gudsteneste.
Ved Henny Koppen
- Randabygd 11:00 Gudsteneste.

Sms/bønetelefon i Stryn

Vi i Stryn Normisjon Betania har etablert ein sms bønetelefon. Eit mobiltelefon-nr. som ein kan sende bøner, bøneemner til som melding/sms.

Hvis ein ringer til nummeret, som er 474 52 057, får ein denne beskjeden lest opp:

"Velkommen til SMS-bønetelefonen i Stryn. Til dette nummeret kan du sende bøneemner som SMS/melding. Vi vil gjerne be for det som ligg deg på hjertet. Vi er kristne og ber til Jesus Kristus, Frelsaren. Alle bøne-meldingar vil bli behandla konfidensielt. Du vil aldri få svar frå dette nummeret. Men vi vil ta imot bønene som kjem på melding og be for dei på bønesamlingane våre i Betania. Når vi har bede for det som står i meldinga, vil vi slette den. Takk for at du ringte SMS-bønetelefonen i Stryn. Må Gud velsigne deg."



Vi har bønesamlingar i Betania dei fleste onsdags-kveldar i løpet av året. Bøner/ bøneemner som kjem inn som sms til bønetelefonen vil bli bedt for på desse samlingane.

Når vi har bedt for sms-bønene, sletter vi meldingane. Mobilens som tek imot bønemeldingane vil ikkje ha noko adresse-register. Så det vil berre kome

opp mobil-nr. som avsendar, aldri noko namn.

Vi trur at dette vil møte eit behov i Stryn. Å sende ein sms med ei bøn/eit bøneemne vil for mange vere lettare enn å ta direkte kontakt med nokon.

Vi vil sjølv sagt oppmøde folk til sjølv å be til Gud og til å ta kontakt med kristne ein kjenner hvis ein ynskjer å bli løfta opp i bøn. Samtidig trur vi at for mange vil det å kunne sende ei bøn gjennom tekstmelding/ sms vere gull verdt.

Jan G. Skrivervik

Stryn Normisjon Betania

Ein samtale for livet skal koste lite

Kirkens SOS har fått nytt telefonnummer

Frå og med 3. mars er det nye nummeret 22 40 00 40. Denne endringa har vi gjort for at dei som treng Kirkens SOS skal sleppe å tenke på telefonkostnadene. Med det nye nummeret vert samtaleprisen det ein samtale til ein vanleg fasttelefon kostar. For mange betyr det at samtalen vert gratis, medan andre må betale litt. Prisen er avhengig av telefonabonnementet til den enkelte. Det kan koste ein del å ringe, - men det skal ikkje koste mykje i kroner og øre.

Kvifor?

Jo, fordi denne samtalen kan vere ein



samtale for livet.

Kvart år svarar Kirkens SOS på meir enn 177.000 telefonsamtalar og til saman ca 14.000 chat og sos-meldingar (anonymisert e-post). Med ca 900 frivillige og over 30 tilsette, gjer Kirkens SOS med sine 12 lokale senter denne tenesta tilgjengeleg for menneske som opplever å vere i krise. Mange kjenner at livet er i ferd med å gå i svart. I fjar handla ca 50% av alle chat-samtalane og 30% av SOS-meldingane om sjølv-mord. På telefonen fortalte ca 15% av dei som ringde at dei hadde tankar om ikkje å ville leve lenger. Det er over 500 menneske som tek livet sitt i Noreg kvart år. Om lag 10 gonger så mange forsøker og enda mange fleire tenker på å gjere det. Dette er høge tal og temaet er vanskeleg å snakke om.

Kirkens SOS vil vere eit samtaletilbod for alle som opplever at livet er utfordrande, og særleg for dei som har sjølv-mordstankar. Telefonen skal vere ei

open linje der det er lov å snakke om alt. Der dei som tek imot samtalane toler å høyre om kvardagen slik den eigentlig er for den som tek kontakt. På Kirkens SOS er det rom for å snakke om alle sider ved livet. Også når ein gjer seg tankar om å avslutte det.

Kirkens SOS er eit nasjonalt nettverk av frivillige som 24/7 tilbyr eit lyttande øre og eit bankande hjarte. Vi vil lytte og vere tilstades, og samstundes leite fram livsmot og håp. Kvart år er vi med på å redde liv. Difor skal det nye Kirkens SOS-nummeret finnast overalt. Det skal vere lett å finne fram til og koste lite å ringe. For det kan handle om ein samtale for livet.

Kirkens SOS i Norge har også fått ny generalsekretær!

Leif Jarle Theis hadde sin første arbeidsdag mandag 2. mars. Han kjem fra stillinga som dagleg leiar i Kirkens Bymisjon i Bergen.

For meir informasjon:

Greta Gramstad, dagleg leiar,
Kirkens SOS i Bjørgvin,
tlf 55 32 58 45 / 905 32 320
Leif Jarle Theis, generalsekretær,
Kirkens SOS i Norge, tlf 917 13 217

Ved Mari Saltkjel. Presentasjon av konfirmantane

- Hornindal 20:00 Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel. Presentasjon av konfirmantane

24. september; torsdag

- Nedstryn 11:00 Knøttegudsteneste

27. september; 18. s i treeiningstida – Matt 8, 5-13

- Utvik 11:00 Gudsteneste.

Ved Harald Runde. Presentasjon av konfirmantane og konfirmantjubileum
- Nordsida 11:00 Gudsteneste.

Ved Mari Saltkjel. Presentasjon av konfirmantane



B

Fulldistribusjon

Sommarleirar på Nesholmen


I sommar held Sogn og Fjordane KFUK-KFUM fram tradisjonen og arrangerer sine 3 sommarleirar på Nesholmen. Helgane 19.-21. juni er det leir for 1.-4. klasse. 23.-26. juni er det leir for 5.-7. klasse. Den siste leiren vert for 1.-4. klasse 26.-28. juni.

På leirane vert det lagt opp til inne- og uteaktivitetar som t.d. ballspel, bading, hobby, kor, og borna skal få

boltre seg i kano og robåt. Dei får meistringsoppgåver og nye venner. Kvar dag roar vi ned med kveldsavslutting. Gje barna ein kickstart på sommaren med ei sommaroppleveling dei vil hugse – send dei på leir!

Påmelding innan 10.juni!

Krinsen treng fleire flotte leiarar, så om du kunne tenkje deg å vere leiar på ein



Bading er alltid kjekt på leir.



**KFUK
KFUM**
Sogn &
Fjordane

sommarleir er det berre å ta kontakt med krinsen!

Meir info og påmelding på
<http://www.kfuk-kfum.no/sfj>



TEMAKVELD FOR SMÅBARNSFORELDRE

Å vere familie og par i ein småbarnsfase byr på både gleder og utfordringar. **Onsdag 16.september kl.19.30** inviterer vi av denne grunn til temakveld for småbarnsforeldre. Meir informasjon kjem når det nærmar seg.
Velkommen!

Eit samarbeid mellom Helsestasjonen, Kyrkja og Familiekontoret

KAFFEKROKEN



Neste nummer får du i posten rundt 10. september, og redaktør er Knut Gald
Vi tek svært gjerne i mot stoff til neste nummer innan 14. august på e-post post@kyrkjeklokka.no